

Føremål med programmet

- ☘ KKB ønsker å markere seg som ein tydeleg og offensiv kulturinstitusjon med kontinuitet og ein klar kunstnarleg identitet som siktemål.
- ☘ Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan musikk, litteratur, biletkunst, historie og folkløve.
- ☘ KKB har som målsetting å stimulere til nyskaping i kryssingspunktet ord, bilete og musikk.
- ☘ KKB har eit ansvar for å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i Møreregionen, og særskilt støtte lokale kunstnarar i etableringsfasen.
- ☘ Lokalt ønskjer KKB å vere eit tilskot til det frivillige kulturlivet og medverke til ei synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

Etter jubileumssesongen 2009 har Kyrkjehola Kulturbeite på ny fått stadfesta at vi blir sett pris på i regionen. Auka tilskot frå fylke, kommune og næringsliv, ny tillit frå Norsk Kulturråd, radio- og TV-innslag, samt talrike oppslag i regionale og lokale aviser. Slik respons varmar og inspirerer! Mest av alt gler vi oss over vårt trufaste publikum - sjølve livsnerven i dette unike kulturprosjektet mellom fjord og fjell.

Vi går inn i ein ny sommar med høge forventningar. Først ut er Lena Willemark, ein fantastisk formidlar frå Stockholms artistelite. Meir world music blir det med spellemannsprisvinnar Frode Fjellheim i den gripande messa *Aejlies Gaaltije*. Merk deg 14. juli: Då kjem Danmark sin nasjonalskald, poeten og pianisten Benny Andersen.

Nytt av året er ein eigen festivalartist: Perkusjonist Kenneth Ekornes medverkar både med barnekonserter, med Brass Brothers, og i det forrykande latinbandet «Summer Samba». For augo blir det utstillingar med Anne Britt Krag og Bjørn Brusdal, før Anne Marit Jakobsen med vener rundar av med ei lågmælt feiring av skogens diktar, Hans Børli. Velbekomme! Bon appétit!

Helsing styret

Førehandsbestilling av billetter:

På telefon 95 27 35 42: Du blir beden om å gi opp namn på forestilling, namnet ditt og talet på billetter.

E-post: Gjennom heimesida www.kyrkjehola.no eller på adressa billett@kyrkjehola.no

Frist for bestilling: Dagen før arrangementet.

Familieforestilling: Ekornes i 100

Kenneth Ekornes - perkusjon

PRESTESTOVA 1. JULI KL 18.00



Som del av Barnas kommune si aktivitetsveke, arrangerer Kyrkjehola ei spennande, musikalsk reise for heile familien - med multiperkusjonisten Kenneth Ekornes som musikalsk guide. Programmet er ei oppleving av klang, rytme og natur - éin musikal på scena, 100 trommer presenterer rytme frå 100 land på instrument som

er opptil 100 år gamle. Ekornes har med seg gamle tradisjonelle handtrommer og elektroniske instrument frå dei siste 20 åra. Han har henta inspirasjon frå m.a. Brasil, Afrika, India og

Norge. Når han opptrer, brukar han alltid dei første minutta til å bli kjent med rommet og publikum, slik at kvar forestilling blir unik. Dess meir respons han får, dess meir energi blir skapt, slik at nye ting stadig dukkar opp undervegs.

Forestillinga passar ekstra godt for barn i grunnskulealder. Kenneth Ekornes har vakse opp i Sykkylven og starta karrieren som trommeslagar i Ikornnes juniorkorps. Frå 9 års alderen turnerte han med dansebandet "The south beach boys" eller "Sørestrandgutane"! Etter utdanning på Viken folkehøgskole og Musikkonservatoriet i Kristiansand, har han brukt trommestikkene som frilansar med base i hovudstaden. I samarbeid med ei lang rekkje kjende artistar frå inn- og utland, har han utvikla seg til ein av våre fremste world music-utøvarar med heile verda som arbeidsfelt.

Kyrkjehola Kulturbeite har invitert Kenneth Ekornes til å vere vår musikalprofil i 2010 – og gitt han frie tøyler til å invitere med seg dei vennene han vil – og dermed vise oss litt av breidda i det han står for. Dette har resultert i at Kenneth er involvert i 3 ulike konsertar i Kyrkjehola denne sesongen. Og publikum kan glede seg: det er ein spennande og kreativ musikal som får presentere seg i Kyrkjehola Kulturbeite i år.

Støtte frå offentlege instansar:



Møre og Romsdal
fylkeskommune



STORDAL KOMMUNE
- der folk trivst



NORSK KULTURRÅD
Arts Council Norway

Hovudsponsorar 2010:

PLACE
MENT



NORDEVSTKRAFT



Stordal



Nilsgårdstunet
festlokale · pub · kafé



NTNU

Det skapende universitet

Stordal Regnskap AS



STORDAL AUTO AS
6250 STORDAL

Busengdal
Transport as

ADVOKAT
BJØRN KRISTIAN HOVE
M.N.A.



STAVSENG

STAVSENGS INGENIØRFIRMA AS
Rådgivende ingeniører MRIF



FORTIDSMINNEFORENINGA
Foreningen til Norske Fortidsminnemerkers Bevaring

KYRKJEHOLA KULTURBEITE

STORDAL



Early Folk

Konsert med Lena Willemark – vokal,
Svante Henryson – cello
og Knut Johannesen – cembalo

ROSEKYRKJA 23. JUNI KL 20.00



På sjølvaste jonsokaftan opnar kulturbeitet med Nordens kanskje mest profilerte folkemusikkutøvar – Lena Willemark. Ho er kjend som ein crossover-artist av dei sjeldne, med eit repertoar frå vise og jazz til samtidsmusikk. Framfor alt er ho ein varm formidlar med stor utstråling. Ho har samarbeidd med ei rekke kjende musikarar som Palle Mikkelborg, Marilyn Mazur, Kirsten Bråten

Berg og fleire av dei største klassiske orkestra i Norden.

I Rosekyrkja vil vi få høyre musikk av bl.a. Phillip Rossseter, Giulio Caccini, Henry Purcell - og naturlegvis Lena Willemark sjølv. "Early Folk" er eit vakkert møte mellom klassisk musikk, religiøse folketonar og folkemusikk. Det blir med andre ord god, gammaldags Kyrkjehole-stemming i Rosekyrkja på jonsokaftan!

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

En aften med Benny Andersen

ROSEKYRKJA 14. JULI KL 20.00



Benny Andersen er eit dansk nasjonalikon – kanskje på linje med Erik Bye i Norge. Han er ein umåteleg populær poet, filosof og jazzpianist. Forestillingane hans er utselde i Danmark og det er utan tvil eit scoop å få han til Kyrkjehola! Andersen er den mest leste og framførte moderne danske lyrikar, han meistrar det danske språket til fulle, og ved hjelp av ordspel, skeive synsvinklar og små stikk flettar han

underfundig humor inn i lyrikken – akkompagnert av sitt eige jazzinspirerte pianospel. Han er ikkje minst kjent for sitt langvarige samarbeid med Povl Dissing – "Om lidt er kaffen klar" frå "Svantes viser" er eit av høgdepunkta. Andersens "Samlede digte 1960-1996" har slått alle salsrekordar i Danmark og har passert 130 000 eksemplar. "Det er dejligt at være dansk - og norsk - i Rosekirken på denne smukke aften!"

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Summer Samba (Samba de verão)

Eit Brasilprosjekt med Kenneth Ekornes – perkusjon,
Vera Regina Americo – vokal, Frøydis Grorud – saxofon/fløyte og
Tom Steinar Lund – gitar

ROSEKYRKJA 25. JULI KL. 20.00



Kyrkjehola inviterer til ein herleg sommarkonsert med brasiliansk bossa og sambamusikk - eit intimt møte med gitaristen Tom - kjend frå "Trio de Janeiro", "Beat for beat"- saksofonisten Frøydis, multiperkusjonisten Kenneth og den brasilianske songarinna Vera Regina. Denne kvelden bør du absolutt oppsøke Kyrkjehola og la stemninga og musikken føre deg til ein plass med like vill natur, men noko høgare temperatur på gradstokken; Rio de Janeiro og Brasil. Du får høyre brasilianske klassikarar så vel som jazzlåtar og norske viser av t.d. Prøysen og Grieg. Alt sveipa inn i ein typisk brasiliansk aroma av rufsete sjarm og leikande, omtrentleg nøyaktigheit. Dei tre musikarane har spelt land og strand rundt om dei siste 10-12 åra. Samarbeidet med Vera Regina er nytt og eksklusivt for konserten i Rosekyrkja.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

"Skimmer"- glasobjekt

Utstilling v/Anne Brit Krag

LØSETSTOVA 30. JULI – 8. AUGUST



Anne Brit Krag arbeider innanfor eit variert repertoar av teknikkar som grafikk, måleri, tekstil, glas og stein. Ho er ein kunstnar med ei eksperimenterande haldning til det å skape, noko som har resultert i eit bilettuttrykk med stor spennvidde. Dette har gitt ho høve til å ytre seg på mange arenaer med kunsten sin - å få eit innblikk i Anne

Brits kunstnarverd er ikkje lett; ei verd i fargar, eit vidt spenn av teknikkar og materiale – ei visuell verd. Ved sida av ei rekkje utstillingar, har ho hatt fleire offentlege utsmykingsoppdrag og er innkjøpt til m.a. Nordenfjeldske kunstindustrimuseum, Bergen billedgalleri og Oslo kommunes kunstsamlingar. I Kyrkjehola kjem ho hovudsakleg til å stille ut glasarbeid.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Aejlies Gaaltje - den Hellige kilden

Frode Fjellheim – komponist, tangentar og vokal,
Nils-Olav Johansen – gitar og vokal, Snorre Bjerck – perkusjon,
Kristin Rustad Høiseith og Randi Lundemo – vokal, Sturla Eide – fele.

ROSEKYRKJA 4. JULI KL 20.00

Frode Fjellheim er ein av våre fremste musikarar og komponistar innan "world music". Med samisk folkemusikk som inspirasjon turnerer han verda rundt med bandet Transjoik - samansett av musikarar kjende frå Farmers Market og andre toppband. Aejlies Gaaltje spenner frå det rytmisk suggererande til det skjøre og vakre, der komponisten tar joiken tilbake til si opp-



havlege åndelege sfære, men sett inn i samtida si fleirkulturelle og urbane ramme. Eit spanande grep i produksjonen blir koplinga mot reindriftssamen, diktaren og kulturpersonen "Finn-Torkel", som levde i vårt område tidleg på 1900-talet. Frode Fjellheim vann Spelemannsprisen i 2004 for denne messa. No er det klart for ein unik konsertversjon i Rosekyrkja!

The Brazz Brothers' World Jazz

Runar Tafford – valthorn, Jarle Førde – trompet, Helge Førde – trombone,
Jan Magne Førde – trompet, Stein Erik Tafford – tuba,
Kenneth Ekornes – perkusjon

ROSEKYRKJA 20. JULI KL 20.00

Kyrkjehola Kulturbeite er svært stolt over å kunne presentere fleire artistar i verdsklasse. The Brazz Brothers høyrer så absolutt med i den kategorien! 29 års turneliv verda over har sett sine musikalske spor i brødrengangen frå Sula. Med sin nye, fantastiske trommeslagar, Kenneth Ekornes, vil dei denne gongen framføre musikk dei har samla frå muskarvenner over heile kloden. Gjennom årtier med aktivt sampel har musikar-



ane i The Brazz Brothers utvikla ein musikk og stil, som saman med deira spesielle instrumentering, langt på veg kan seiast å vere deira eigen. Stikkord her kan vere; musikkalsk galskap, lyriske stemningar versus malmfull klang, overraskingar, overskot og speglede, ensemblespel og soloar i verdsklasse. Få med deg ein konsert med eit av Norges fremste liveband!

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Nå - Hans Børli med kvinnehånd

Poesikonsert med Anne Marit Jacobsen, Benedicte Maurseth – fele
og Åsne Valland Nordli – vokal

ROSEKYRKJA 30. JULI KL 20.00

Hans Børli er for mange kjend som "Skogens diktar" – men han er så mykje meir enn det; han er ein klok vismann som gjennom framifrå lyrikk formidlar det allmenngyldige ved det å vere menneske. Dette presenterer Anne Marit Jacobsen og hennar to medmusikantar på ein vakker, usentimental, tankevekkjande og stundom direkte morosam måte. Forestillinga har blitt ei intens totaloppleving, og ikkje minst takka vere Anne Marit Jacobsen, som med sitt sjarmerande komiske talent unngår å gjere diktopplesinga einsformig; kroppsspråk og mimikk vekslar mellom emosjonell innleving og vittig utlevering - ikkje minst av dikteren sine sjølvvironiske og sarkastiske refleksjonar. Musikken og songen understrekar stemningane i dikta og skaper ein vakker heilskap, og gjer at dette med rette kan kallast ein intens poesi-konsert. Med andre ord ei forestilling du absolutt bør få med deg!



KYRKJEHOLA




KULTURBEITE

Bilete i svart/kvit grafikk

Utstilling v/Bjørn Brusdal

PRESTESTOVA 30. JULI – 8. AUGUST

Bjørn Brusdal er ein av dei mest kjende og markerte kunstnarane på Sunnmøre i dag, både som målar og grafikar med eit kvart århundre som aktiv kunstnar bak seg. Han er representert med grafikk ved Nasjonalmuseet i Oslo og har delteke fleire gonger på Haustutstillinga i Oslo og Vestlandsutstillinga i Bergen. I tillegg har han hatt mange separatutstillingar både i Norge og Tyskland. Ved utstillinga i Kyrkjehola stiller



han med eit utval av det han har gjort opp gjennom åra innanfor mezzotint og etsingar. Typisk for Brusdals grafikk er ei grundig behandling av form og komposisjon, og motiva hans er ofte henta frå mytologisk og arkaisk dikting.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE